

Regionalt Pilegrimssenter Selje



Verksemdsplan med budsjett 2025

1. Overordna mål for pilegrimssatsinga

Overordna mål for den nasjonale pilegrimssatsinga er forankra i Nasjonalt pilegrimssenter sin langtidsplan: *Pilegrimsleden – en reise som berører. Langtidsplan 2020-2037.*

Visjon: Pilegrimsleden – en reise som berører.

Ambisjon: Pilegrimsleden – St. Olavsvegane til Trondheim skal vere ei av dei viktigaste pilegrimsrutene i Europa og ei kjend og ettertrakta oppleving i Noreg.

Mål: Dei langsiktige måla for utvikling av pilegrimsleiene i Noreg er at dei:

- Formidlar vår historiske, kulturelle og andeleg kulturarv med eit bredt spekter av gode opplevingstilbod.
- Har solid forankring både lokalt, regionalt og nasjonalt og bidreg til verdiskaping lokalt.
- Er etablert med grunnlag i føreseielege rammer som gjer satsinga mogleg i tråd med veksten og utviklinga i pilegrimsaktiviteten.
- Framstår som attraktive reiser og heilskapelege opplevingar, med berekraftige og klimanøytrale avtrykk.
- Er inkluderande, lett tilgjengelege og tydeleg kommuniserte.
- Gir rom og rammer for ro, refleksjon og ettertanke.
- Utviklar statusen som europeisk kulturrute.
- Er ein attraktiv og aktuell partner i internasjonale prosjekt.

2. Dei fire grunnpilarane i pilegrimssatsinga

1. Kultur:

Kulturarv er felles overbygning for heile pilegrimssatsinga. Kulturminne knyter saman leiene som historiske vegfar og seglingsruter. Dette gir moglegheit for auka kjennskap og bevisstheit om eigen kulturarv, samtidig som kulturarven blir tatt i bruk og gjort relevant for menneske i dag.

Delmål:

- God og heilskapleg formidling av pilegrimstematikk og pilegrimshistorie på alle nøkkelstaden.
- Godt samarbeid med utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø.
- Auka lokal bruk av leia - frå skular til frivilligheit.
- Samarbeide med kulturarrangement langs leia.
- Spisse vår eigenart som Kystpilegrimslei gjennom f.eks. Sunniva- og Olavsarven, kystkultur og ferdsel til havs, steinkrossane, kloster og kyrkjer, hamner og tradisjonsbåtar.
- Vere godt synlege innan, og som ein del av, nasjonaljubileet 2030.

2. Kyrkje:

Pilegrimssatsinga skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring, og samtidig vere open og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og religion.

Delmål:

- Auke talet på opne kyrkjer langs leia.
- Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag med ulike livssyn.
- Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia.
- Legge til rette for ro, refleksjon og ettertanke.
- Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen.
- Samarbeide med kystpilegrimsprest.
- Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn.
- Ta eigarskap til kyrkjelege høgtider og markeringar som Seljumannamesse og Olsok

3. Næring:

Pilegrimsleiene skal støtte opp om utviklinga av eit berekraftig reiseliv gjennom verdiskaping, produktivitet og fleire levedyktige distrikt. Pilegrimssatsinga skal også legge til rette for eit godt vertskap. Fokus på merking av turstiar, etablering av bedriftsklynger, lokalprodusert mat, formidling av kulturhistorie og opplevingar av natur- og kulturlandskap er viktige faktorar for næringsutvikling lokalt og regionalt.

Delmål:

- Utvikle Kystpilegrimsleia som eit synleg og tydeleg reiselivsprodukt.
- Gjere det enkelt å reise som pilegrim langs Kystpilegrimsleia.
- Auke bruken av pilegrimsleia til eit volum som gir grunnlag for berekraftig næringsutvikling.
- Sørge for tydeleg kommunikasjon av korleis ein tek seg fram langs leia og godt beskrivne etappar.
- Sikre god standard på skilting, merking og tilrettelegging av den fysiske leia.
- Utvikle ein marknadsstrategi som grunnlag for marknadsføringstiltak, med mellom anna digitale løysingar for turplanlegging og informasjonsformidling.
- Utvikle gode verktøy for måling av den totale bruken av pilegrimsleiene.

- Legge til rette for eit robust nettverk av næringsaktørar knytt til leia innan både overnatting, mat, transport og opplevingar.

4. Miljø:

Pilegrimsferdsel er «grøn» turisme. Miljøaspektet er ein viktig del av pilegrimssatsinga, og legg til grunn FNs 10 berekraftsprinsipp for reiseliv, med spesiell vekt på *kulturell rikdom* - gjennom å respektere, vidareutvikle og framheve lokalsamfunnets historiske kulturarv, tradisjon og særpreg. *Rein miljø* – gjennom å minimere det klimatiske fotavtrykket for dei reisande. *Lokal kontroll og engasjement* – gjennom lokal planlegging og utvikling av reiselivet. Folkehelse er ein viktig del av arbeidet med kommunanes tilrettelegging og tilgjengeleggjering av pilegrimsleiene lokalt.

Delmål:

- Utvikle pilegrimsleia skånsamt for å ivareta naturen, kulturminna og miljøet best mogleg.
- Legge til rette for tilgang til sanitærfasilitetar langs leia.
- Legge til rette for miljøvennleg person- og bagasjetransport.
- Støtte opp om miljøsertifisering av pilegrimssenter og nøkkelstader.
- Legge til rette for miljøvennleg ferdsel med kollektiv transport og friluftsliv.

3. Korleis skal vi nå måla våre?

KULTUR

<p>MÅL: Formidlar vår historiske, kulturelle og andeleg kulturarv med eit breitt spekter av gode opplevingstilbod.</p> <p>DELMÅL:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God og heilskapleg formidling av pilegrimstematikk og pilegrimshistorie på alle nøkkelstaden. • Godt samarbeid med utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø. • Auka lokal bruk av leia - frå skular til frivilligheit. • Samarbeide med kulturarrangement langs leia. • Spisse vår eigenart som Kystpilegrimslei gjennom f.eks. Sunniva- og Olavsarven, kystkultur og ferdsel til havs, steinkrossane, kloster og kyrkjer, hamner og tradisjonsbåtar. • Vere godt synlege innan, og som ein del av, nasjonaljubileet 2030. 		
Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
Legge ut aktuelle historiske og kulturelle besøkspunkt (poiar) og turforslag langs kystpilegrimsleia på www.pilegrimsleden.no .	Nøkkelstadene RPS Selje Overnattingsstader	2025
Sørge for at informasjon om kystpilegrimsleia og lenke til www.pilegrimsleden.no blir gjort tilgjenge på kommunar, nøkkelstade, kyrkja og overnattingsstader sine egne heimesider.	Nøkkelstadene Kommunane Sokneråda Overnattingsstader	2025

Ta imot grupper og enkeltpersonar og informere om kulturminne, nøkkelstadane og kystpilegrimsleia. Vere eit varmt vertskap.	Nøkkelstadane RPS Selje Overnattingsstader	2025
Felles kompetanseheving på vertskap og formidling på nøkkelstadane.	RPS Selje	2025
Støtte opp om utvikling av nye formidlingsarenaer på nøkkelstadane.	RPS Selje	2025
Støtte opp under historieformidling knytt til nøkkelstader som foredrag, bøker, artiklar og formidling av nyare forskning.	Nøkkelstadane RPS Selje	2025
Legge til rette for bruk av tradisjonsbåtar og tradisjonelle ferdseisvegar langs kystpilegrimsleia.	Nøkkelstadane RPS Selje	2025
Ha tilgjengeleg pilegrimsstempel på alle nøkkelstadane, kyrkjer og overnattingsstader.	Nøkkelstadane Sokneråd Overnattingsstader	2025
Ha tilgjengeleg informasjon om andre nøkkelstader og heile kystpilegrimsleia på alle nøkkelstader.	Nøkkelstadane RPS Selje Overnattingsstader	2025
Bruke nøkkelstadgruppene som utgangspunkt for breitt samarbeid lokalt knytt til historieformidling og involvering av lokalmiljøet.	Nøkkelstadane RPS Selje	2025
Vere høyringspart i lokalt og regionalt planarbeid som kulturplan, næringsplan, reiselivsstrategiar, reguleringsplanar som vedkjem leia/kulturminer m.m.	RPS Selje	2025
Gjennom medlemskap i ACSOW bidra til at statusen for Kystpilegrimsleia som Europeisk kulturveg blir forvalta på ein god måte lokalt og regionalt.	RPS Selje	2025
Samarbeide med lokale aktørar om aktuelle kulturarrangement på nøkkelstadane.	RPS Selje	2025
Jobbe vidare med utvikling av vandreutstilling om Sta. Sunniva og kystens pilegrimar.	RPS Selje	2026

KYRKJE

MÅL: Er inkluderande, lett tilgjengelege og tydeleg kommuniserte.

MÅL: Gir rom og rammer for ro, refleksjon og ettertanke.

DELMÅL:

- Auke talet på opne kyrkjer langs leia.
- Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag med ulike livssyn.
- Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia.
- Legge til rette for ro, refleksjon og ettertanke.
- Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen.
- Samarbeide med kystpilegrimsprest.
- Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn.
- Ta eigarskap til kyrkjelege høgtider og markeringar som Seljumannamesse og Olsok.

Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
Arbeide for opne kyrkjer langs leia og informere om opningstidene.	Sokneråd Prosti Venelag Selje RPS	2025
Ha stempel og informasjon til pilegrimar ved alle kyrkjene langs leia.	Sokneråd RPS Selje	2025
Vandringar for konfirmantar i trusopplæringa og/eller skule-kyrkjesamarbeid.	Sokneråd	2025
Følgje opp avtalen med sokneråda i Stad og utarbeide tilsvarande avtalar med utvalde sokneråd i dei andre kommunane langs leia.	Sokneråd Prosti RPS Selje	2025
Samarbeide med Bjørgvin bispedøme og andre aktørar om vidareføring av verdisamtalar.	Bjørgvin bispedøme Prosti Sokneråd RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	2025
Samarbeide med lokale aktørar om arrangement knytt til Seljumannamesse og Olsokfeiring.	RPS Selje Nøkkelstadgrupper Prosti Sokneråd	2024
Invitere sokneråda innanfor RPS Selje sitt geografiske ansvarsområde til Selje pilegrimssenter.	RPS Selje Prosti Sokneråd	2025
Samarbeide med Bjørgvin bispedøme sitt pilegrimsutval om å gjere pilegrimsliturgi tilgjengeleg på alle nøkkelstadene.	RPS Selje Bjørgvin bispedøme Nøkkelstadgruppene	2025

NÆRING

MÅL: Har solid forankring både lokalt, regionalt og nasjonalt og bidreg til verdiskaping lokalt.

DELMÅL:

- Utvikle Kystpilegrimsleia som eit synleg og tydeleg reiselivsprodukt.
- Gjere det enkelt å reise som pilegrim langs Kystpilegrimsleia.
- Auke bruken av pilegrimsleia til eit volum som gir grunnlag for berekraftig næringsutvikling.
- Sørge for tydeleg kommunikasjon av korleis ein tek seg fram langs leia og godt beskrivne etappar.
- Sikre god standard på skilting, merking og tilrettelegging av den fysiske leia.
- Utvikle ein marknadsstrategi som grunnlag for marknadsføringstiltak, med mellom anna digitale løysingar for turplanlegging og informasjonsformidling.
- Utvikle gode verktøy for måling av den totale bruken av pilegrimsleiene.
- Legge til rette for eit robust nettverk av næringsaktørar knytt til leia innan både overnatting, mat, transport og opplevingar.

Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
----------------	----------------	------------------

Registrering og rapportering om tal på pilegrimar og andre besøkande.	Nøkkeltader Overnattingsstader RPS Selje NPS	Innan utgangen av 2025
Delta aktivt i utviklinga av reiselivet lokalt og regionalt gjennom samarbeid med destinasjonsselskap, reiselivsoperatørar og andre. Gi innspel til lokale og regionale reiselivsstrategiar, delta på reiselivsmesser.	RPS Selje Destinasjonsselskap Reiselivsoperatørar	2025
Støtte lokalt næringsliv i utvikling av lokale produkt til bruk langs kystpilegrimsleia og bistå i prosess med NPS om godkjenning av produkt.	Nøkkeltadene RPS Selje NPS	2025
Nytte regionale destinasjonsselskap som informasjonskanalar og sørge for at www.pilegrimsleden.no er synleg i desse kanalane.	RPS Selje Destinasjonsselskap	2025
Etablere kontakt med turoperatørar som kan tilby turar langs kystpilegrimsleia og vidareutvikle samarbeidet med Nordic Pilgrim.	RPS Selje	2025
Utarbeide informasjonsskilt etter felles mal på nøkkeltadene.	RPS Selje Nøkkeltadene Komunane	2025
Distribuere og ta i bruk felles brosjyre for heile kystpilegrimsleia. Omsette brosjyra til engelsk.	NPS RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	2025
Utarbeide brosjyre eller anna informasjonsmateriell for kvar nøkkeltad etter felles mal for kystpilegrimsleia.	Nøkkeltadene RPS Selje	2025
Bidra med informasjon i planlegginga av vandringar for grupper og enkeltpersonar.	RPS Selje Nøkkeltadene	2025
Oppretthalde kontakt med overnattingsstader langs leia og sørge for at det finst overnattingstilbod ved alle nøkkeltadene.	RPS Selje	2025
Vedlikehalde sertifisering av alle overnattingsstader langs leia etter mal frå NPS.	RPS Selje	2025
Ta i bruk NPS sin reklamefilm for kystpilegrimsleia	RPS Selje	2025
Systematisere og oppdatere turforslag og informasjon om kystpilegrimsleia på www.pilegrimsleden.no	RPS Selje	2025
Samarbeide med kollektivselskap langs leia om informasjon, marknadsføring og evt pilegrimsrabatt	RPS Selje	2025
Legge til rette for bemanning på RPS Selje sitt pilegrimsmottak, pilegrimsovernatting og servering i Selje prestegard.	RPS Selje	2025

MILJØ

MÅL: Framstår som attraktive reiser og heilskaplege opplevingar, med berekraftige og klimanøytrale avtrykk.

DELMÅL:

- Utvikle pilegrimsleia skånsamt for å ivareta naturen, kulturminna og miljøet best mogleg.
 - Legge til rette for tilgang til sanitærfasilitetar langs leia.
 - Legge til rette for miljøvennleg person- og bagasjetransport.
 - Støtte opp om miljøsertifisering av pilegrimssenter og nøkkelstader.
- Legge til rette for miljøvennleg ferdsel med kollektiv transport og friluftsliv.

Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
Støtte opp om friluftsrådet sine strandryddeaksjonar	RPS Selje Nøkkelstadene Kommunane	2025
Informere om og legge til rette for å gå, ro, padle og sykle lang delar av kystpilegrimsleia.	RPS Selje Nøkkelstadene	2025
Samarbeide med og informere om moglegheit for å låne turutstyr i lokale utstyrsbankar/BUA	RPS Selje Nøkkelstadene	2025
Gjere kystpilegrimsleia tilgjengeleg på www.ut.no	RPS Selje NPS	2025
Sørge for at kystpilegrimsleia inngår i lokal og regionale turkart og turstiar når desse blir utarbeidd.	RPS Selje Kommunane	2025
Legge til grunn den reiselivsstrategien 2030 <i>Sterke inntrykk med små avtrykk</i> for utviklinga av kystpilegrimsleia som reiselivsprodukt.	RPS Selje	2025
Samarbeid med grunneigarar om rydding, skilting, merking og tilrettelegging av leia.	Kommunane Pilegrimsfellesskap	2025
Miljøsertifisering av nøkkelstader der det er ligg til rette for det.	Selje RPS Kommunar Nøkkelstader	2025
Vere med på markeringar av friluftslivets år 2025	RPS Selje Nøkkelstadene	2025

FRIVILLIGHEIT

MÅL: Samarbeide med frivilligheita om utviklinga av pilegrimssatsinga lokalt og regionalt

DELMÅL:

- Sikre lokalkunnskap og lokalt engasjement rundt kystpilegrimsleia.
- Sikre godt lokalt vertskap.
- Samarbeid om finansiering og gjennomføring av tiltak langs kystpilegrimsleia.
- Sørge for god aktivitet langs leia.

Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
----------------	----------------	------------------

Inngå samarbeidsavtale med pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva om å innlemme Sunnivaleia mellom Kinn og Selje som ein del av kystpilegrimsleia. Gjennomgå avtalar med Stad og Kinn kommune, og opprette ny avtale med Bremanger kommune.	RPS Selje NPS Kommunane Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva	2025
Opprette kontakt med andre lokale vertskapsgrupper, vennelag, pilegrimsfellesskap m.m. langs leia.	RPS Selje	2025
Kontakt med pilegrimsfellesskap gjennom Pilegrimsforbundet Norge. Bida til og formidling av magasinet «Pilegrm i dag» på alle nøkkelstadene.	RPS Selje Nøkkelstadene	2025
Søke midlar til ulike utviklingstiltak saman med frivilligheita.	RPS Selje Kommunane Frivilligheita	2025

ORGANISASJON

MÅL: Samarbeide lokalt, regionalt og nasjonalt om utviklinga av kystpilegrimsleia		
DELMÅL:		
<ul style="list-style-type: none"> Sørge for god informasjonsflyt og samarbeid i pilegrimsarbeidet i alle ledd. 		
Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
LOKALT		
God og brei involvering i nøkkelstadgrupper på alle nøkkelstadane med representasjon frå kultur, kyrkje, næring og miljø. Få på plass ein leiar, mandat og arbeidsgrupper i kvar nøkkelstadgruppe.	RPS Selje Nøkkelstadane Kommunane	2025
Tydeleg ansvars plassering og ressursar til oppfølging av arbeid med nøkkelstadene og kystpilegrimsleia i kvar kommune.	Kommunane	2025
Gjennomføre ei fysisk nøkkelstadsamling i året, samt faste digitale møte med alle nøkkelstadene	RPS Selje Nøkkelstadene	2025
Revisjon av partnerskapsavtalane mellom Selje RPS, nøkkelstadene og kommunane.	RPS Selje Nøkkelstadene Kommunane	2025
Utarbeide felles årshjul for aktivitetar og arrangement på nøkkelstadene/leia	RPS Selje Nøkkelstadene	2025
REGIONALT		
Gjennomføre faste møter med ressursgruppa for RPS Selje og nytte denne som ein ressurs i utviklingsarbeidet.	RPS Selje Ressursgruppa	2025
Gjennomføre årlege kontaktmøte med Vestland Fylkeskommune.	RPS Selje og RPS Bergen Ressursgruppa/Fagråde	2025

Arrangere kystpilegrimskonferanse saman med dei tre andre RPSane langs kystpilegrimsleia. Kystpilegrimskonferansen 2025 blir på Smøla.	RPS Selje, Bergen, Smøla og Avaldsnes Nøkkestadene Ressursgruppa	2025
Delta på faste samarbeidsmøte med dei andre regionale sentra langs kystpilegrimsleia.	RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	2025
Delta i Vestland fylkeskommune sitt mellomaldernetverk.	RPS Selje	2025
Delta i samarbeidsråd for heilag- og besøksmålet Selja.	RPS Selje Stad kommune	2025
NASJONALT		
Delta i årlege dialogmøte med Nasjonalt Pilegrimssenter	RPS Selje NPS Ressursgruppa	2025
Delta i digitale og fysiske forummøte med dei andre 11 regionale pilegrimssentra i Noreg	RPS Selje	2025
Delta på årleg nasjonal pilegrimskonferanse i Trondheim og legge til rette for deltaking frå nøkkestadene.	RPS Selje Nøkkestadene	2025
Delta på felles arenaer som er med på å synleggjere heile pilegrimssatsinga.	NPS RPS Selje	2025

ØKONOMI

MÅL: Er etablert med grunnlag i føreseielege rammer som gjer satsinga mogleg i tråd med veksten og utviklinga i pilegrimsaktiviteten.		
DELMÅL		
<ul style="list-style-type: none"> • Sikre gode økonomiske rammer for drift av RPS Selje i tråd med langtidsplan for pilegrimssatsinga. • Sikre prosjektfinsiering til større utviklingstiltak. • Sørge for god økonomistyring. 		
Tiltak:	Ansvar:	Tidsplan:
Følgje opp og gi innspel til revidert nasjonalbudsjett 2024	Selje RPS Ressursgruppa	Våren 2025
Følgje opp og gi innspel til årlege tildelingar i Statsbudsjettet og jobbe for fullfinansiering av kystpilegrimsleia i tråd med NPS sin langtidsplan for pilegrimssatsinga.	Selje RPS Ressursgruppa	Hausten 2025
Rapportere og søke om årleg driftstilskot gjennom NPS	Selje RPS	Hausen 2025
Rapportere og sikre regionale finansiering frå Vestland fylkeskommune.	Selje RPS	Mars 2025
Rapportere og sikre lokal finansiering frå Stad kommune.	Selje RPS	2025

Søke prosjektfinansiering og medfinansiering til større prosjekt, informasjonstiltak, infrastrukturtiltak og utviklingstiltak.	Selje RPS Ressursgruppa Kommunar Fylkeskommunar Bispedøme	2025
--	---	------

BUDSJETT 2025

Både Stad kommune og Vestland fylkeskommune har vedteke etablering av dei regionale pilegrimssentera, og i budsjettframlegget legg vi til grunn at partane følger opp sine deler av avtalen. Etter dette vil RPS Selje ha kr. 2. mill. til disposisjon i 2025 i tillegg til egne salsinntekter, som gir ei samla ramme på 2 050 000 kr. Dette er i samsvar med det langtidsplanen føreset som det årlege behovet for driftstilskot til dei enkelte pilegrimssentera. Med ovannemnde føresetnader, vil budsjettet for RPS Selje i 2025 vere slik:

Utgifter

Lønnskostnader	Kr. 1 100 000
Totalt utgifter ekskl. løn	Kr. 950 000
Sum utgifter	Kr. 2 050 000

Merknad:

Budsjetterte lønnskostnader (inkl. sosiale kostnader) omfattar dagleg leiar for pilegrimssenteret i 100 % stilling, samt sommarvertar i 2 månader.

Andre driftskostnader omfattar mellom anna:

- Reisekostnader (besøk på nøkkelstader, møte med kommunar og nøkkelstadgrupper, delta på regionale og nasjonale samlingar).
- Kystpilegrimskonferanse. Årleg arrangement for nettverksbygging, inspirasjon og informasjon i samarbeid med dei tre andre regionale sentral langs kystpilegrimsleia.
- Marknadsføring (annonsar, digital marknadsføring, felles marknadsføringskampanjar med destinasjonsselskap m.m.)

- Informasjonstiltak (vandretstilling, brosjyrer m.m.)
- Arrangementskostnader (seminar, studieturar, foredrag og omvisingar, felles prosjekt langs kystpilegrimsleia)
- Administrative tenester som husleige, rekneskap, lønn m.m.

Inntekter

NPS - driftstilskot	Kr. 1 200 000
Vestland fylkeskommune - driftstilskot	Kr. 400 000
Stad kommune - driftstilskot	Kr. 400 000
Salsinntekter	Kr. 50 000
Sum inntekter	Kr. 2 050 000

Merknad:

Under salsinntekter er det lagt inn sal av suvenirar, samt overnatting for pilegrimar i Selje prestegard. Overnattingstilbodet blir for tida drifta av Selje RPS, mein det blir jobba med å få på plass eksterne næringsaktørar.

Detaljbudsjett ut frå finansieringsmodell i langtidsplanen

Utgifter	
Lønskostnader inkl. sos. utgifter	1 100 000
Andre driftskostnader	950 000
Kontormateriell	10 000
Abonnement faglitteratur	10 000
Matvarer/servering	20 000
Andre varer og tenester	70 000
Abonnement telefon, intern, datalinje	10 000
Annonse/informasjon/reklame	200 000
Reiseutgifter	100 000
Husleige: 7 245x 12	100 000
Kontingentar	10 000
Inventar og utstyr	60 000

IKT-utstyr	10 000
Konsulenttenester og fellesprosjekt for å løfte kystpilegrimsleia	250 000
Tilskot til nøkkelstadene for deltaking på seminar og konferansar	100 000
Sum utgifter	2 050 000
Inntekter	
Sum tilskot	2 000 000
Salsinntekter	50 000
Inntekter	2 050 000

Selje, 12.11.2024

Tonje Ramse Trædal
Dagleg leiar, Regionalt pilegrimssenter Selje

